

# Program

## Bremanger Venstre

### 2019 – 2023



Foto:

**VENSTRE**  
[www.venstre.no/bremanger](http://www.venstre.no/bremanger)



# BREMANGER VENSTRE VIL TA GREP OM FRAMTIDA.

Dei største utfordringane våre er knytt til folketal og demografisk utvikling, og det trengs solid politisk styring for å snu utviklinga. Bremanger Venstre skal vere ei tydeleg stemme der politikk vert utforma og vedtak fatta. Vi vil ta grep om utviklinga til bygdene våre!

Framtidsretta reguleringsplanar, samferdsle, infrastruktur og satsing på born og unge er viktige stikkord for auka næringsverksemd og busetnad. Samstundes skal vi ha gode tilbod for eldre, sjuke og pleietrengande.

## NÆRING OG ARBEID:

- Vi må legge til rette for nyskaping, nye arbeidsplassar og grøn vekst.
- Vi må ha framtidsretta reguleringsplanar som legg til rette for auka næringsverksemd på land og sjø.
- Aktivitet avlar aktivitet. Næringshagar og kontorfellesskap skal heiest fram.
- Kontinuerleg fokus på samferdsletiltak: Gode og effektive vegar er heilt nødvendig for å skape ein større bu- og arbeidsmarknad. Båt-, ferje- og bussruter må gjere det lettvisint å pendle til jobb og skule.
- Vi vil jobbe for lik nettleige over heile landet og gode vilkår for kraftkrevjande industri.

## OPPVEKST OG KULTUR:

- Vi skal satse på kvalitet i skulen. Vi må sikre godt innesklima og læringsmiljø og skulane må ha gode læremiddel og dataverktøy.
- Alle oppvekstsenter skal ha gode uteområde.
- Vi må rekruttere nye tilsette med rett kompetanse og ha attraktive ordningar for etter- og vidareutdanning.
- Vi skal framleis ha eit godt kulturskuletilbod og støtte opp om lag og organisasjonar, og private tilbod og initiativ. Eit rikt og variert kulturtilbod gjev auka bu-lyst og positive ringverknader for lokalt næringsliv.
- Symjeopplæring er viktig! Bassenga våre må haldast ved like.
- Vi vil utgreie moglegheitene for nytt symjeanlegg ved Svelgen Oppvekst, oppvarma på spillvarme.

## **HELSE OG OMSORG:**

- Vi skal framleis ha eit fullverdig tilbod ved helsesentera på Hauge og i Svelgen.
- Helsestasjonar for gravide, born og unge og ambulanseteneste må oppretthaldast.
- Vi må sikre nok og kvalifiserte hender i pleie og omsorg.
- Vi vil jobbe for eit fullverdig tannlegetilbod i Svelgen og på Hauge.
- Vi vil styrkje førebyggjande tiltak innan rus og psykiatri

## **MILJØ:**

- Vi skal ha ein klar miljøprofil på kommunal drift og tenesteyting og setje energi, klima og grønt næringsliv på dagsorden.
- Vi vil jobbe for fleire gang- og sykkelstiar, strandpromenadar og turstiar.
- Aktivt landbruk er viktig for å hindre attgroing.
- Kommunen skal fastsetje overordna mål, men ikkje detaljstyre hjorteforvaltninga.
- Vi vil ha slutt på all taretråling på Bremangerpollen og nærliggande område.
- Vi ønskjer å hauste erfaringar med løyvde vindmøllekonsesjonar før vi eventuelt tildeler fleire. Det same gjeld utvinning av stein.

## **SAMARBEID, SAMFERDSLE OG BUSTADPOLITIKK:**

- Samarbeid på tvers av kommunegrensar er naudsynt for ei positiv utvikling i regionen. Kysten må stå samla!
- Vi vil snakke med dei nye naboane våre, Kinn og Stad, for å avklare kva forhold vi skal ha til dei.
- Vi må ha fullt fokus på framskunding av Kystvegen og snarleg realisering av brua over ytre Nordfjord. Veg over Terøya er den mest framtidsretta løysinga sørover.
- Vi vil starte planarbeid for heving av vegstandaren mellom bygdene og Kystvegen.
- Kommunen må bidra til få bygt gjennomgangsbustader og legge til rette for bustadtomter til dei som vil byggje.
- Eigedomsskatt for privatbustader skal avviklast snarast mogleg.
- Godt fiber- og mobilnett er ein føresetnad for busetnad og næringsverksemd.



1. Svein Olav Senneset  
f. 1970, Bremanger



2. Irene Storøy  
f. 1980, Rugsund



3. Bjørgulf Myklebust  
f. 1971, Svelgen



4. Jeanette  
Kristiansen Grotle  
f. 1978, Bremanger

## Bremanger Venstre si liste til kommunevalet 2019:

5.	Rakel Rise Hallset	f. 1981	Svelgen
6.	Øyvind Nesje	f. 1983	Bremanger
7.	Janne Kjærstad	f. 1980	Bremanger
8.	Åsmund Bortne	f. 1973	Rugsund
9.	Connie Vedvik Lekven	f. 1970	Svelgen
10.	Jon Magne Sande	f. 1983	Botnane
11.	Oddvar Hauge	f. 1964	Bremanger
12.	Svein Leirgulen	f. 1972	Rugsund
13.	Mohammed Sangare	f. 1976	Kjelkenes
14.	Willy Svarstad	f. 1959	Bremanger
15.	Hilde Klungreseth	f. 1974	Bremanger
16.	Torine Bortne	f. 2001	Rugsund
17.	Henrik Holmøy	f. 2001	Rugsund
18.	Roger Nyborg	f. 1979	Bremanger
19.	Anita Bortne	f. 1978	Rugsund
20.	Gro Anita Mandelid Rønning	f. 1969	Kalvåg
21.	Svein Arne Torvanger	f. 1988	Bremanger
22.	Øystein Kolseth	f. 1967	Rugsund
23.	Jacqueline Maria Josephina Mannart	f. 1965	Botnane
24.	Magni Eldrid Lothe	f. 1940	Svelgen
25.	Sigrid Solheim	f. 1940	Kjelkenes
26.	Ole Nigardsøy	f. 1968	Bremanger
27.	Roger Olav Igland	f. 1963	Bremanger
28.	Svein Olav Igland	f. 1957	Kalvåg

**VENSTRE**  
Folk først.



[www.venstre.no](http://www.venstre.no)/[www.bremanger.venstre.no](http://www.bremanger.venstre.no)